



Samuel Blaser & Paul Motian
«Consortin in Motion»
Kind of Blue
(Musikklosen)



Pocket Corner
«Dog & Moon»
DADA (Musikklosen)

POCKET CORNER

Sidan 1984 har trompetisten Didrik Ingvaldsen gjort karriere som jazzmusikar, komponist og pedagog. Med sitt åttande album med bandet Pocket Corner, «Dog & Moon», viser han atter sitt format, ikkje med ei «fri jazz»-plate, men musikk som utan tvil spring ut av at Ingvaldsen bur i avantgardejazzens norske festning og opne utpost mot verda, Stavanger, som no har sitt make-lause Kitchen Orchestra som permanent verkstad. Med «Dog & Moon» leverer han nok eit forrykande album med Pocket Corner-kvintetten der Glenn Brun Henriksen spelar altsaksofon, Vidar Schanke elektrisk gitar, Mikael Olsson bass og Ståle Birkeland trommer, Ingvaldsen sjølv på trompet.

Ingvaldsens CV er ei bok om eit norsk og internasjonalt musikkliv som kan ta pusten frå nokon kvar, men viktigast no er dette albumet som er utan dødpunkt, med eit strålande ensemblespel og ditto solistar. Eit kanonalbum.